

Nr. 3-2016, årgang 51.

KYRKJEBLAD

for Kviteseid, Vrådal, Brunkeberg, Fjågesund og Kilen.



Kviteseid og Fjågesund kyrkje feira 100 år i år. Her ser vi Kviteseid kyrkje på jubileumsdagen.

Side 4: Les om diakonien i Vest-Telemark.

Side 10: Sjå bilete frå konfirmantleiren i sumar.

Kyrkjetrappa

Kyrkjekontoret i Kviteseid
Tlf. 35 06 81 31
Kviteseidgata 13, 3850 Kviteseid



Kristen Salmelid
Kyrkjevevje
Kontor tlf. 35 06 81 31
Mobil tlf. 97 04 78 60
kyrkjevevje.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Rune Lia
Sokneprest (vikar)
Kontor tlf. 35 06 81 32
Mobil tlf. 90 98 08 03
sokneprest.kviteseid@kyrkjetrappa.no



Dagfinn Køhn
Organist
Kontor tlf. 35 06 81 48
kantor.kviteseid@
kyrkjetrappa.no



Håkon Heggtveit
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 18 37 50



Jan Haugen
Kyrkjegardsarbeidar/
kyrkjetenar
Mobil tlf. 91 12 02 48
kyrkjetenar@
kyrkjetrappa.no



Svanhild Fidjeland
Kyrkjelydssekretær
Kontor tlf. 35 06 81 28
post@kyrkjetrappa.no



Eilev Erikstein
Prostidiakon, 3880 Dalen
Mobil tlf. 91 11 35 80
eilever@online.no


Om bladet

Ansvarleg redaktør:

Rune Lia

Framsidedfoto: Olav Mosdøl
Kyrkjefoto på framsida: Leif Jamtveit
og Niklas Karlsen
Passfoto: Kurt Nødland
Utforming: Niklas Karlsen
Trykk: Erik Tanche Nilssen AS
Bladet er trykt på resirkulera papir.

Bankgiro:
Kyrkjeblad for Kviteseid,
3850 Kviteseid
Kontonr. 2660 10 30615



Kva ligg framom?

av **Rune Lia**

Me menneske veit ikkje noko om kva som ventar rundt neste sving. Me trur kanskje me veit, men me veit ikkje. Me berre antek. Kva som møter meg i morgo er eit ukjent kapittel. Eit blankt blad. Ein dag me kan fylle.

Det er noko frigjerande i slike tankar. Kanskje ventar det meg noko godt? Kanskje møter eg eit menneske eg ikkje har møtt før? Kanskje møter eg ein gamal kjenning? Me veit ikkje. Uansett kva arbeid me har, anten det er ved ein kontorpult, ved ei maskin eller bak ein skranke, så ligg dagen framom som noko ukjent. Det er ein spanande tanke. Kven møter eg i dag, på vegen til butikken, blant butikkhyllene? Kva tenker den eg møter, om verda, slik han eller ho ser ho? Ser eg menneska eg møter på vegen til butikken, eller ser eg mjølkekartongen, brødet og syltetøyglaset eg leitar etter. Har Gud ein tanke med dagen

min? Har han sendt menneske i min veg? Kryssar min veg ein annan sin veg? Slike tankar er store. Dei kan gjera ein nyfiken. Tenk om så var, at det ikkje er tilfeldig kven ein møter...

I Salme 139 i Gamle Testamentet les me; «*Herre, du ransakar meg og kjenner meg. Anten eg sit eller står, så veit du det, langt bortanfrå merkar du mine tankar. Anten eg går eller ligg, så ser du det, du kjenner alle mine vegar.*»

Han som kjenner alle mine vegar og merkar mine tankar, kan me våge å tru at han har lagt noko framom?

Paulus sit i fangenskap og skriv til dei kristne i Efesos; «*For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud føreåt har lagt ferdige, så vi skulle ferdast i dei*». (Efeserbrevet kap.2 vers 10)

Paulus er ikkje i tvil. Gud har lagt noko framom, noko som ligg klart, som me kan ferdast i.



Samling av tre prostidiakonar i 1991: F. v Per Emanuelen, Eilev Erikstein og Gotfred Rekke.

Det starta i Fjågesund

av prostidiakon Eilev Erikstein

Det var under ei diakonisamling i Fjågesund at nemninga "Prostidiakon" dukka opp. Mannen bak var diakon Gotfred Rekkebo (1911–93). Den gongen var det nok mest rekna som utopi. Etter kvart er Prostidiakonmodellen eller "Vest-Telemark modellen i diakoni" blitt ei føredøme.

Men det starta altså i Fjågesund, ein februar dag i 1980. Slik skreiv Gotfred Rekkebo i rapporten sein-

are: "Hvilke framtidskonturer vil tegne seg opp for Fjågesundsmøtedeltagerne. I denne kirke vil vi få føle mye sterkere enn nå at vi tilhører et aktivt bispedømme, og et meget levende prosti, betjent av et nært prostiråd. Og dette råds diakoniansvar vil kreve ansvarsgrupper, og mye tyder på at om 20-25 år, så har alle prostier i Norge en slik ordning. Ansvarsgruppa og prosten vil ha til sin rådighet en prostidiakon.»

Eit føredøme

Sjølv om den gode diakonen ikkje vart sannspådd har Vest-Telemark vore eit føredøme når det gjeld samarbeid om prostidiakonstillinga. Landets fyrste prostidiakon Per Emanuelsen synte korleis ei slik stilling kunne fungere i praksis i prosjektperioden frå 1985-90.

Frå grisgrendte Vest-Telemark har modellen spreidd seg utover landet. Siste skot på stamma er Follo prosti. Og den fyrste prostidiakonen i landet er framleis aktiv, no i Aust-Nedenes prosti.

Kva hugsar så Per Emanuelsen av Vest-Telemark og Kviteseid-tida? *”Som landets første prostidiakon, var det utfordrende og spennende å tilpasse meg, og samtidig prøve å bidra som diakon inn mot menighetene i 5 kommuner. Når det gjaldt Kviteseid kommune var det nok 3 ulike forhold jeg husker best, og som ga energi og glede. For det første den ivaretakelsen jeg kjente på i heimen hos Astrid Tveten og Kjell Lindheim. Dernest den motivasjon og positivitet jeg opplevde i samarbeidet med Vest-Telemark blad med sitt tilhold i Kviteseid. Det tredje var arbeidet opp mot skogsleiren den tid den lå i Vrådalen, og all positiv frivillighet i kjølvannet av den.”*

Diakoni som bygdeutvikling

Ei slik stilling handlar om mange ting. Grunnlaget er kontakt med

folk. Utan kontakt med folk kan ein ikkje heller organisere friviljuge. Diakonien er ute mellom folk, og lagar ein link mellom gudstenester og dagleglivet. Diakoni er bygdeutvikling og infrastruktur mellom menneske. Slik sett viktigare enn breiare og raskare vegar.

Utan Vest-Telemark Blad hadde det knapt vore noko ”prostidiakon”. Sidan mars 1985 har bladet gjeve plass til ei diakonispalta. Gjennom Diakonispalta er diakonien – som dagleg kan bli noko usynleg, blitt synleg.

Til å bli religiøs av

Så nemner Per Emanuelsen også skogsleirarbeidet. I nokre år låg det ein skogsleir i Vrådalen (1990-97). For dette fengslet var Vrådalen ein fantastisk kyrkjelyd. Ein gong i månaden kom det kaker og besøk til dei innsette, og dei innsette kjende seg alltid velkomen i kyrkja. Likninga frå Matteus 25 levde i kyrkjelyden.

Mange gonger har eg sett kva kaker baka med raus diakoni bety. Kaka vert ei helsing som kan få tankane inn på ei bestemor, ei tante, ei mor eller ein far eller Gud. Som ein innsett sa det etter ei god rom- og rosin kake:- Det er mest til å bli religiøs av slik bakst.

[...]

Det er og mi trøyst når eg ser at tene på 25 år som prostidiakon i Vest-Telemark, og undrast på kva som kom ut av det?



Prestegruppe framfor Fjågesund kyrkje (f.v.)

rekke 1: Asgeir Sele, Stein Reinertsen, Hallvard Nordbø Jørgensen

rekke 2: Geir Valle, Kjell Arne Norum, Thor Egil Abrahamsen, Ivar Aartun

rekke 3: Eilev Erikstein, Torstein Eidem Nordal, Øyvind A. Jørgensen

100-årsjubileum for kyrkjene i Kviteseid og Fjågesund

Av Olav Mosdøl

Kviteseid kyrkje og Fjågesund kyrkje blei bygde i 1915 og vigsla av biskop Bernt Støylen saman med sokneprest Aslak Bergland i 1916. Siste vår var det difor 100 år

sidan dei nye kyrkjene vart tekne i bruk. Difor la soknerådet opp til ei feiring i dagane 16. – 19. juni. Redaksjonen i bladet vårt vil med dette gje ei oppsummering av jubileet.

1. Mandat for jubileumskomiteen

Kviteseid sokneråd gav eit mandat til jubileumskomiteen våren 2012. Hovudpunkta var: Feiring av jubileet skal gå over to dagar medio juni 2016 og innehalde: Gudstester, historisk oversyn, visjon for kyrkjelydane og musikalske framføringar. Komiteen får vide fullmakter til å forme eit program innan realistiske, økonomiske rammer.

2. Gjennomføring og jubileumsbok

Medlemene i komiteen blei valde av soknerådet, og dei kom saman til første møte 11.02.2015. Desse var med: Olav Mosdøl (leiar), Håkon Birkeland, Hadle Hovda, Hallvard Nordbø Jørgensen, Dagfinn Køhn, Karin Maria Larsen, Jørgen Moen, Anette Gravir Rønningen, Astrid Tveten.

Arbeidsgruppa tok fatt på ei viktig og omfattande oppgåve med drøfting av bakgrunn for kyrkjebygga i Kviteseid og Fjågesund. Vidare kom samtalar og vurdering av opplegg og innhald i 100-årsjubileet. I tida 11.02.2015 til 08.06.2016 blei det halde 11 komitémøte. Jubileums-markeringa blei gjennomført i dagane 16. til 19. juni. Siste halvåret hadde vi nærkontakt med andre grupper som skulle ha arrangement i Kviteseid medio juni. Dette gjaldt

Kanalveka og Victoriafestivalen.

Gunnar Ruud og Olav Mosdøl blei bedne om å ta seg av ein historisk dokumentasjon for den aktuelle perioden i Kviteseid kommune. Dei tok på seg arbeidet med å samle stoff og foto kring kyrkjene og vere redaktørar for ei ny bok, som omfatta tida frå 1870-åra fram til 2016.

Dei valde å byggje opp boka som ei artikkelsamling på ca. 150 sider med tittelen «Kyrkja – Kviteseid – Kanalen». Kvar artikkel fekk sitt bestemte tema. Då kommunen har mange dyktige og og skriveføre folk, satsa dei i hovudsak på desse. Mesteparten av stoffet er såleis skrive lokalt med redaktørane som hovudforfattarar. Litt spesialstoff kjem utanfrå, og Kviteseid historielags fotosamling har vore viktig for arbeidet med boka.

3. Vêr og frammøte

Jubileumskomiteen og arrangementshjelparane hadde oppsummeringsmøte på Misjonshuset måndag 20. juni. Der blei det uttrykt stor takk og oppmuntrande ord for ei vellykka 100-årsfeiring av kyrkjene i Kviteseid og Fjågesund. Programmet over 4 dagar fekk positiv omtale. Vêret var mykje fint i perioden 16. – 19. juni. Frammøtet var bra på dei ymse arrangementa. Medrekna sal av jubileumsboka, vil feiringa våren 2016 kome i økonomisk balanse.



Dette var gospelgruppa våren 2016. Framme f.v.: Lenita Christin Aasbak, Josefine Hægeland, Patric Edvin Birkelund, Mari Foldøy. Rad 2: Åse Aarbakk, Marie Draugedal Birkeland, Amalie Rannestad, Nora Salome Fosse, Irene Elisabeth Nordgaard. Rad 3: Martin Stian Birkelund, Andreas Spikkeland Holm, Jon Lindheim, Magnar Syrtveit Mikalsen

Oppstart for Kviteseid barnegospel

Av Olav Mosdøl

Kvar haust er det alltid spennande. Bli gospelgruppa stor denne gongen? Kjem det mange gitar, og kjem alle jentene som var med sist? Det er spørsmål som leiarane i Kviteseid barnegospel stiller når sommarferien er over. Våren 2016 hadde leiarane Åsbjørg Hægeland og Gunnhild Moen ei aktiv gruppe med Dagfinn Køhn som fast pianist. Her talar redaksjonen litt med Åsbjørg om opplegget for komande år.

Kven kan vere med?

Koret vårt er for alle born som har lyst til å vere med, i aldersgruppa 4 år til og med 3. klasse. Dei fleste høyrer nok til Kviteseid skule og barnehage. Men vi har også hatt ungar frå Vrådal, Brunkeberg og Seljord. Det synest vi er flott, og dei er alltid velkomne. Det er gratis å vere med i koret. Vi øver annakvar torsdag i ein time (kl. 17-18). Programmet på øvingane er oppvarming, innøving av songar, matpause, andakt, leik og Fadervår.

Har de mange oppdrag?

Tre-fire gonger i halvåret har vi songoppdrag. Fleire av desse er knytt til familiegudstenester i kommunen, andre gjeld deltaking på familiemøte i dei ymse forsamlingshusa. I tillegg brukar gospelgruppa å delta på adventskonserten og 17.mai-gudstenesta. Vi prøver å ha variasjon i tekstar og melodiar. Vårt mål er å spreie gode tekster og fine tonar til dei som lyttar. Når det gjeld songtypar, er borna glade i songar med fart og rørsle; gjerne med hopp og sprett.

Litt om verdien av barnegospelarbeidet?

Koret vårt som blei starta i 2000, har vore ei aktiv songgruppe i 15 år. Det har blitt ein del av det viktige barnearbeidet som blir drive i Kviteseid. Barna blir godt kjende med kvarandre, dei får øve opp songstemma si, og dei får livsrom for si tru på Jesus Kristus. Fleire unge familiar har vore med oss gjennom åra. Vi er takksame for at mange foreldre møter trufast opp når barnegospel skal ut å synge.



Jubileumsboka for 2016 er å få kjøpt på bokhandelen i Kviteseid og i Bø. Pris: kr 250,-



Fin konfirmantleir på Gjennestad

Av Øyvind A. Jørgensen

Måndag 27. juni drog om lag 180 konfirmantar frå Tokke, Kviteseid, Seljord, Sauherad, Notodden og Hjartdal til Gjennestad i Stokke. Der skulle dei vere på leir i seks dagar. Med seg hadde dei konfirmantprestane sine med ungdomsprest Petter Jakobsen i spissen og eit femtitals unge leiarar. I tillegg var også nokre foreldre og andre medhjelparar med.

Gjennestad er ein kristen gartnarskule frå 1946. Dette faget er framleis viktig, men no er det også andre liner ved denne v.g. skulen. Her er god plass både ute og inne, med rom for ulike aktivitetar, så staden eignar seg godt til leir.

Konfirmantane fekk felles undervisning om sentrale tema i den kristne trua, og så samtalte dei om stoffet i kvar sine grupper. Det var også gudsteneste, og kveldssamlingar med variert innhald, og kvar kveld før leggjetid var det ein

stillferdig og stemningsfull kveldssandakt. På alle samlingane var det mykje fin song og musikk.

Mykje leik og moro var lagt inn i programmet. Det sto ikkje minst dei unge leiarane for. Dei var veldig flinke og kreative, så her var det mykje å vere med på. Mellom dei organiserte øktene var det tid til å prate med kvarandre, slappe av på romet, kjøpe snop i kiosken, gå ein tur på området, handle noko godt på hagesenteret eller drive med fysiske aktivitetar. Ein dag var det badetur for dei som ynskte det. Måltida var eit kapittel for seg, med fellesskap og veldig god mat. Motto for leiren var «ønsket og elsket». Vi vonar og trur at konfirmantane opplevde å vere det. I alle fall var det ein fin stemning og mange blide andlet på leiren. Leiarane skal ha takk for eit profesjonelt opplegg og for stor innsats.



Program for Vrådal Normisjon hausten 2016

OKTOBER

Sundag 2. kl.16
Sundagssamling med song

Tysdag 4. kl.12
Kvinneforening v. Tor Bringaker
Møtestad: Heia

Torsdag 13. kl.18.30
Møte v. Martha Irene Eriksrød

Torsdag 27. kl.18,30
Innleiing og samtale om sundagens tekst
Møtestad: Heia

NOVEMBER

Måndag 1. kl.12
Kvinneforening. Møtestad: Heia

Sundag 13. kl.16
Basar og miniauksjon

Sundag 27. kl.16
Sundagssamling med song
Advents- og jolesongar

DESEMBER

Torsdag 8. kl.18,30
Innleiing og samtale om joletekstane
Møtestad: Heia

Kvinneforeninga arbeider for Normisjon og Det norske misjonsselskap

BRAND i Kviteseid

Henrik Ibsens BRAND vert framført i Kviteseid kyrkje tysdag 8.november. Sjå annonse annan stad i bladet. Etter forestillinga vert det samtale med skodespelarane. Samtala vert leda av Eilev Erikstein og Rune Lia.

Temakveld

I forlenginga av dette inviterer soknerådet til temakveld måndag 14.november kl.19:00 i Kviteseid kyrkje. Då held psykiater Arne Austad foredrag; «Sunn og usunn tru – med utgangspunkt i Henrik Ibsens BRAND». Samtale og spørsmål etter foredraget vert leda av Eilev Erikstein og Rune Lia. Fri inngang. Alle er velkomne, òg om ein ikkje har sett teaterstykket i kyrkja.

Nytt frå kyrkjeverja

Festeavgift

I midten av oktober blir det sendt ut faktura for feste av alle graver som har forfall i 2016. Betalinga vil vere forskotsbetaling for 5 år, kr 200 kvart år, til saman kr 1.000,- for kvar grav. Kyrkjekontoret arbeider med å finne kontaktpersonar til dei gravene som ikkje har slike oppført. Ynskjer du ikkje å halda fram med å feste grava / gravene, kontaktar du kyrkjekontoret.

Skattefritak for gåver

Visste du at det er mogleg å få fråtrekk på skatten for gåver til kyrkja? Kyrkjekontoret treng då fødselsnummeret ditt. Når vi får registrert det, gjer vi deg ein kode. Skriv koden på ein konvolutt som du legg gåva oppi i kyrkja, eller meldingsfeltet på giro med gåver rett til kyrkjas konto 2660.45.14648. Kyrkjekontoret rapporterer til skattemyndigheitene når året er omme. Du vil då få fråtrekk på skatten av gåver som samla i kalenderåret er mellom kroner 500 og 25.000 (samanlagt til alle frivillige landsdekkjande organisasjonar som er registrerte for dette).

20 år med fri grav?

Dei fleste graver er utan feste i 20 år frå dei vert tatt i bruk. Etter 20 år begynner så festeavgifta. Men

vert det ved sida av halden av ei grav, for til dømes ein ektefelle, skal det betalast festeavgift for denne grava frå fyrste år. Festeavgifta vil då halda fram heilt til plassen igjen vert frigjeven eller grava vert sletta. Det er slik gravferdslova og forskrifter er tenkt, og lesast i dei fleste kommunar. Fredingstida for alle graver er 20 år. Før den tida er omme, kan grava nyttast til urnenedsetting. Etter 20 år kan grava nyttast til familie eller gjerast tilgjengeleg for andre (sletting). Ved sletting av ein grav skal gravminnet takast bort. Grava kan då fritt brukast att til andre.

Vi har god plass på kyrkjegardane i Kviteseid, kanskje med unntak av på Brunkeberg, så det er ikkje naudsynt med utvidingar eller andre tiltak med det fyrste. Bruk av urner har likevel ein aukande tendens i Kviteseid. Så langt i 2016 er 4 urner sett ned. Det utgjer 13% av dei gravlagde. Kremasjon og urnenedsetting er langt vanlegare på større stader.

Kyrkjegarden rundt Kviteseid gamle kyrkje er på grunn av alderen totalfreda av riksantikvaren. Det betyr at vi ikkje har lov å nytte om att graver som ikkje har vore i bruk etter krigen.

Den eldste delen ovanfor Kviteseid (nye) kyrkje vert berre nytta til familiemedlemmar med nære band til allereie gravlagde.



Døypete

Vrådal: Damian Camarena
Straand.

Kviteseid: Fiona Kvålseth.
Adia Mayatula
Bergkaasa.
Mathea Nødland
Danielsen.
Ole Marcus Krogsæter
Vala.

Brunkeberg: Selma Jore.

Vigde

Vrådal: Heidi Børrestad og
Stig Syversen.

Kviteseid: Janne Berit Steinsland
og Jan Aksel
Mikalsen.
Katerina Kakaire og
Haakon Ruud.

Gravlagde

Vrådal: Ivara Mathilde
Havnvik.
Bjarne Asbjørn
Håvardsen.
Ragna Marie
Straumsnes.

Kviteseid: Ingrid Heimbeck Von
Schimmelmänn.
Henry Vigdeil.
Wenche Møvik.
Jan Einar Eng.
Signe Turid Tjøm
Haugen.
Per Arne Strandkås.
Olav Ståland.
Halvor Vestgarden.

Brunkeberg: Sigrud Groven.
Gunhild Synøve
Kyrdaalen Mjaaland.
Eivind Straandi.

Meir himmel på jorda

Oppslagstavla

Føremiddagstreff

Onsdagane 28.september, 26.oktober og 7.desember vert det føremiddagstreff på Misjonshuset kl.11. Her vert det servering, andakt, utlodning, song og musikk.

Småbarnstreff

Det er småbarnstreff /babysang på Misjonshuset kvar torsdag kl.10-12 (med unntak av haustferien i veke 41 og siste torsdag før jul.) Alle foreldre eller besteforeldre er velkomne til å ta med born til leik, song og matpakkelunsj.

Konsert

23.oktober kl.19 er det konsert i Kviteseid kyrkje, med Jon Solberg, Veslemøy Solberg og Sven Ohrvik. Jon Solberg er frontfigur i «Ni Liv», systera Veslemøy er visesongar og tekstforfattar og gift med pianisten Sven Ohrvik. Jon og Veslemøy har tidlegare gjeve ut CD-en «Røter», med både eigne tekstar og tekstar av mellom andre oldefar deira, diktar og bonde Johannes Skarprud frå Kviteseid.

Brand

Førestillinga er i Kviteseid kyrkje 8.november kl.19. Det skal ikkje seljast meir enn 120 billetter, så det kan vere lurt å kjøpe på førehand, på www.teateribsen.no eller tlf 35 90 50 40.

Kor

Barnegospel øver annankvar

torsdag kl.17-18.

Unge Røyster øver måndagar kl.17-18.

Kyrkjekoret øver annankvar

måndag kl.19.30-21.30.

Øvingane er på Misjonshuset.

Velkomen til å bli med i eit av kora

våre, også om du ikkje har vore med tidlegare!

Jolebasar

Laurdag 26.november kl.9.30 er

alle velkomne til Jolebasar på

Misjonshuset. Vi tek gjerne imot

gevinstar eller lopper dersom du

har noko. Kontakt Kirsti

Skjæveland (41 26 43 64) eller

Hans Kristian Aabø (97 18 21 15).

Konsert

30.november vert det konsert med

operasongar Emil Solli-Tangen i

Kviteseid kyrkje.

Gåver til kyrkjebladet

Eivind S. Groven 200,-; Gudny

Moen 150,-; Gunn Kari Fossjord

Jessen 100,-; Signy Snaunes 200,-;

Una Merethe Wraa 200,-; Magne

Wraa 200,-; Grete og Nils Petter

Due 300,-; Aage Haatveit 400,-;

Astrid og Jakob Olimstad 300,-;

Bodil Henny Rosland 300,-; Magne

Moen 300,-; Margareth Håtveit

200,-; Jørgen Moen 500,-; Gudny

Moen 150,-; Marit Nordskog

Kalteis 100,-.

Returadresse:
Kyrkjekontoret
Kviteseidgata 13
3850 Kviteseid

Gudstenester

OKTOBER

Sun. 2. Sondag for dei forfylgde
20. s. i treeiningstida Matt 18,1-11

Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Morgan Thorsen.
Sundagsskule. Kyrkjekoret. Dåp.
Nattverd. Of. Misjonsalliansen.

Sun. 9. 21. s. i treeiningstida Luk 12,13-21
Inga gudsteneste

Sun. 16. 22. s. i treeiningstida Luk 10,25-37
Morgedal kl.11. Gudsteneste. Rune Lia. Of.
Grendehus Landsforeningen for psykisk helse.

Sun. 23. 23. s. i treeiningstida Matt 24,35-44
Kviteseid kl.11 Familiegudsteneste. Rune Lia.
Barnegospel. Dåp. Of. Familie og
Medier.

Fre 28. Ljosmesse
Kviteseid kl.19.30. Rune Lia. Nattverd.
gamle kyrkje Of. Russeprosjektet.

Sun. 30. Bots- og bededag Luk 15,11-32
Vrådal kl.11. Gudsteneste. Rune Lia. Nattverd.
Of. Familievernkontoret i Øvre
Telemark.

NOVEMBER

Sun. 6. Helgemessesundag Luk 6,20-23
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Sundagsskule. Kyrkjekoret.

Sun. 13. 26. s. i treeiningstida Luk 13,10-17
Fjågesund kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Konfirmantpresentasjon. Nattverd.
Of. Kvitsund Gymnas.

Sun. 20. Domssundag/ Kristi kongedag
Joh 9,39-41
Inga gudsteneste

Sun. 27. 1. s. i advent
Brunkeberg kl.11. Familiegudsteneste. Rune Lia.
Unge Røyster. Kalender til 5-åringar frå
heile kommunen. Nattverd.
Of. Kyrkjelydens trusopplæringsarbeid.

DESEMBER

Sun. 4. 2. s. i advent
Kviteseid kl.11. Gudsteneste. Rune Lia.
Sundagsskule. Of. Kyrkjelydsarbeidet.

Sun. 11. 3. s. i advent
Kviteseid kl.18. Adventskonsert. Rune Lia.
Of. Rachel Trovis arbeid.

Sun. 18. 4. s. i advent
Kilen kl.16. Gudsteneste. Øyvind Jørgensen.
«Eit annleis jolebord».
Of. Kirkens Bymisjon.

Laur. 24. Jolaftan
Vrådal kl. 14.30. Gudsteneste. Rune Lia
Of. Kirkens Nødhjelp.
Brunkeberg kl. 15. Gudsteneste. Asgeir Sele.
Of. Kirkens Bymisjon.
Kviteseid kl. 16. Gudsteneste. Rune Lia.
Of. Kirkens Nødhjelp.

Sun. 25. Joledag
Kviteseid kl. 11. Gudsteneste. Rune Lia.
Kyrkjekoret. Nattverd.
Of. Det Norske Misjonsselskap.

Mån. 26. 2. joledag
Fjågesund kl. 11. Gudsteneste. Rune Lia.
Of. Rachel Trovis arbeid.